

Søknad om varig dispensasjon

ifht Plan- og bygningslova § 19-1

Gnr 191	Bnr 1, 145	Fnr	Snr	Postnr/poststad
Adresse Reinshommen				4473 KVINLOG

- Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel
- Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan
- Søknad om dispensasjon frå byggegrense
- Søknad om dispensasjon for bygging innanfor 100-metersbeltet langs strandsonen
- Søknad om dispensasjon for bygging i Landbruks-, natur-, og friluftsområde (LNF)

Kort omtale av tiltaket som blir omfatta av dispensasjonssøknaden:

Opprusting av 1,9 km traktorveg frå Reinshommen 90 til Finndalsdammen, Knaben



KLARGJERING AV SAKA

BAKGRUNNSINFO

- Stølen Kraftverk AS, org.nr. 922 737 711, har inngått 60 års leigeavtale med Knaben Kraft AS v/Kvinesdal kommune m.fl. om rettar til vassfall og grunnareal for rehabilitering av Finndalsdammen og bygging av nytt småskala vasskraftverk.
- Positiv innstilling frå NVE i 2010, konsesjon frå OED i 2012.
- Detaljprosjektering, dvs. teknisk plan og LMP/plan for landskap og miljø blir handsama av NVE/Norges Vassdrags- og energidirektorat i samsvar med Vannressurslov, Energilov m.fl. og tilhøyrande forskrifter. Den praktiske oppfylginga med godkjenninga av detaljplanane og byggarbeid blir gjort av NVE sitt regionkontor i Tønsberg, som har ansvaret for Agder.

KOMMUNEPLANEN - arealdelen





- I kommunekartet har området planoversiktstatus som LNFR/Landbruk-, natur- og friluftsmål samt reindrift. Arealet inngår i kommunedelplanen for Knaben, som vart iverksett 23. februar 2011, med planidentifikasjon 10372010002.
- I detaljutsnitt ovanfor frå kommunekartet ser det ut som kommunedelplan-arealet er noko omtrentleg kartfesta ifht. traktorvegen. Dei fyrste 200 metrane er delvis utanfor – delvis innanfor. Arealkategorien har kode H310_3, som er “Hensynssone med ras- og skredfare”.
- Ordlyden i planføresegnene side 3, kapittel 6.1: *“Områdene omfatter ras- og skredfarlige områder. I områder merket ”potensiell skredfare” er grensene svært usikre. Dersom kartlegging av reell skredfare viser at områdene ikke er utsatt for ras eller skred, kan nybygg i nærheten av områdene tillates.”*
- I vedtaksdokumentet for kommunedelplanen siterar vi fylgjande: *“Uttalelse fra NVE datert 13.08.10: I henhold til planbeskrivelsen er **det planlagte Stølen kraftverk innregulert som byggeområde med juridisk virkning.** Konesjonssøknaden er fremdeles til behandling i NVE og de mener derfor at arealet i tillegg bør angis som hensynssoner for båndlegging i påvente av vedtak etter vannressursloven (jf. Pbl § 11-8 d).”*
- Tiltakshavar tilføyar at i Statsråd 24. august i 2012 blei det ved Kongeleg Resolusjon gjeve løyve til å: bygge Stølen kraftverk, reabilitere Finndalsdammen, og til å ta opp att den gamle reguleringa både av Bergetjødne og Finndalsvatnet.

KOMMUNEPLANEN – samfunnsdelen

- SITAT frå side 18: Næringsutvikling, situasjon: *“Det trengs flere arbeidsplasser i Fjotland.”*
- SITAT frå side 19, Næringsutvikling, delmål: *“I Kvinesdal skal samarbeid mellom kommunen, næringslivet og region utvikle en variert næringsstruktur som preges av optimisme, nyskaping og risikovillighet. Utnyttelse av våre menneskelige, fysiske og økonomiske ressurser skal gi et sterkt sentrum og levende næringsmiljø fra Feda og helt opp til Knaben.”*
- SITAT frå side 19, Næringsutvikling, satsingsområder: *“1. Prioritere nyskaping og nyetablering, samt utvikling og knoppskyting i eksisterende bedrifter 4. Tilrettelegge og utvikle infrastruktur for næringslivet.”*
- SITAT frå side 20, Klima og miljø, delmål 1: *“Klimahensyn skal inngå som en del av vurderingen i forbindelse med utarbeidelse av kommuneplanen og alle større utbyggingsplaner.”*
- SITAT frå side 20, Klima og miljø, delmål 2: *“Øke fornybar kraftproduksjon med 900 GWh*

- SITAT frå side 20, Klima og miljø, satsingsområder: “Tilrettelegging for økt utbygging av fornybar energi gjennom utbygging av vind- og småkraft.



TILTAKET – Tekniske forhold

- Tiltaket gjeld opprusting og framtidig vedlikehald av den eksisterande traktorvegen (som i dag kan køyrast med litt høg vanleg 4-hjulsdriven bil) slik at den også er farbar med 3/4-aksla lastebil med betong/stein til rehabilitering av Finndalsdammen.
- Strekninga på dagens trasé er 1,9 km
- Berelaget for vegen er stort sett direkte på fjell eller stein. I hovudsak gjeld oppgraderingsbehovet påfyll av toppdekke/slitelag, med skjering/fylling i enkelte knekkpunkt.
- Massebehovet er $40 \text{ cm} \times 3,5 \text{ m} \times 1930 \text{ m} = 2.700 \text{ fast-m}^3$. Tentativt blir dette henta frå drivinga av tunnelen til kraftverket via mobilt knuseverk.



TILTAKET - Grunngeving

- Dispensasjonssøknaden gjeld altså eit varig unntak frå kommuneplanen sin arealdel og byggearbeid i LNFR areal.
- Med bakgrunn i ordlyden i gjeldande kommuneplan, både samfunnsdel og arealdel, samt kommunedelplan for Knaben, kan ikkje tiltakshavar sjå at omsyna til føresegnene eller formålet med lova blir vesentleg tilsidesett.
- Slik tiltakshavar også ser saka, særskilt mot formuleringa i Samfunnsdelen om klima å miljø,

så vil tiltaket vere ei direkte påfylling av delmål 2, om nye 900 GWh. Stølen Kraftverk vil i eit normalt nedbørsår ha produksjon på 7.900.000 kWh, nok til 395 husstandar i ein bustad.

- Slik tiltakshavar ser saka, etter ei samla vurdering, er også her fordelane ved å gjeve ein dispensasjon klart større enn ulempene
- Vår vurdering av konsekvensen for ein eventuell dispensasjon er fylgjande:
 - HELSE: Opprusta traktorveg vil påreknleg gjeve fleire turgåarar frå hyttefeltet, og generelt auke tilgjenglegheten til heieområdet. Auka tilgang på natur for handikappa. Noko støv og støy i rehabiliterings-/anleggsfasen.
 - MILJØ: Tilgang på meir ny fornybar energi i samsvar med kommunal, nasjonal og europeisk politikk for “EnergiWende – Det Grøne Skiftet”.
 - SIKKERHET: Inngår i detaljplanlegginga til NVE. Vegen skal skal ikkje brøytast vinterstid, med tanke på risiko for snøras. Tilkomst vinterstid for damvedlikehald vil skje i trygg trasé på ski eller med snøskooter.
 - TILGJENGELIGHET: Formålet med vegen er rehabilitering og drift av Finndalsdammen, slik at både i anleggsfasen og driftsfasen er bruken avgrensa til kraftverksrelaterte oppdrag. Nødetatane vil sjølvstilt til eikvar tid ha tilgang. Dagens bom skal forbli som før.
- Tiltakshavar noterer elles at generelt ved vurderinga av om det skal gjevast dispensasjon, så skal planar og målvedtak frå Statlege og regionale forvaltningsorgan tilleggast særleg vekt. Til dette er det berre å repetere: Stølen Kraftverk fekk løyve på høgste nivå, i Kongen i Statsråd 24. august i 2012.

TILTAKET - Formalia

- Tiltaket har vore på offentleg høyring som ein del av konsesjonsprosessen hjå NVE, før dei laga innstilling og oversendinga til Olje- og energidepartementet. Høyringspartar her var sjølvstilt både kommunen, Fylkesmannsembetet, Fylkeskommunen, Bergmeistaren osv. Med andre ord har “alle”, både offentlege og private instansar hatt høve til å uttale seg om konsesjonen.
- Tiltakshavar har med 3 vekers høyringsfrist varsla alle grannar via <https://e-torg.no>





Plan- og bygningslova stiller krav til at det skal sendast nabovarsel ved søknad om dispensasjon.

- Kvittering for nabovarsel følger vedlagt søknaden.
- Plankart, A3, målestokk ca. 1:5.000 følger vedlagt søknaden
- Teknisk byggebeskrivelse m/horisonal- og vertikalplan vedlagt.
- Uttalar frå andre forvaltningsorgan følger vedlagt søknaden

Namn Stølen Kraftverk AS		Adresse Fjotland 204	
Postnr. 4480	Poststad KVINESDAL	Telefon	Mobil 90 57 45 00
E-post olav@fjotland.com			

Dato og underskrift:

Tiltakshavar (etter kontrakt med alle heimelshavarane) OLAV FJOTLAND / sign: _____